



# Nordfjord vassområde

**Mottakarar: i følgje adresseliste**

Vår referanse (oppgjje ved svar) Arkivopplysningar  
12/12032 12/329-48 / / / K54 /

Dato:  
20.11.2012

## Referat Vassområdeutvalet 16.11.2012

**TID: 16.11.2012 kl 09.30 – 14.00**

**STAD: NORDFJORDEID, KOMMUNESTYRESALEN**

### DESSE MØTTE:

Ola Tarjei Kroken	Gloppen, vara
Kristine Dahl	Gloppen, adm
Espen Gulliksen	Bremanger, politisk
Bjørn H	
Marthinussen	Bremanger, adm
Jakob Hammer	Stryn, politisk
Odd Rønningen	Stryn, adm
Anne Britt Andersen	Eid, politisk
Stanislawa Voldsund	Eid, adm
Jakob A. Sandal	Jølster, politisk
Ola Nygård	Jølster, adm
Ståle Hatlelid	Hornindal, adm
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hanne Marie Utvær	Fiskeridirektoratet region Vest
Staffan Hjøhlman	Prosjektleder/sekretær

Ikkje

utvalsmedlemar:

Arne Kvalvik	Marine Harvest
Vegard Fagerli	Sogn og Fjordane Energi

### SAKSLISTE:

Val av møteiar

Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Orienteringar

Foredrag om anadrom fisk: biologi, metodar, påverknad v/Harald Sægrov, Rådgivende biologer

[Tiltaksanalyse v/ Staffan Hjøhlman](#)

Postadr.:  
6823 Sandane

Telefon:  
57 88 38 00

Telefaks:  
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:  
964 969 124

E post:  
post@gloppen.kommune.no

Revisjon av vassdragskonsesjonar – innspel frå Vassregionutvalet

Saker

Sak 12/12 Etablering av arbeidsutval under Nordfjord vassområdeutval

Sak 13/12 Referansegruppe for Vassområde Nordfjord

Sak 14/12 Oppretting av temagrupper

Sak 15/12 Eventuell høyringsuttale på «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» frå Sogn og Fjordane Vassregion

---

## **VAL AV MØTELEIAR**

Espen Gulliksen vart vald til møteleiar

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

Ingen merknader

## **PRESENTASJONSRUNDE AV DEI FRAMMØTTE**

### **ORIENTERINGSSAK: TILTAKSANALYSE**

Prosjektleiar orienterte om framgangsmåte i høve «Steg-for-steg-retteleiar» frå Direktoratgruppen. Fleire i utvalet etterlyste klargjering av arbeidsfordeling og fremdrift i arbeidet med tiltaksanalyse og overvakingsprogram. Merete Farstad frå Fylkeskommunen bidro til ei oppklaring.

Tiltaksanalyse for vassførekomstar i risiko:

Kommunar og sektorstyresmakter skal lage oversikt over gjennomførte, vedtatte og allereie planlagte tiltak, samt framlegg til nye miljøforbetrande (avbøtande) tiltak der dei er ansvarleg styresmakt for den (dei) største påverknaden(e). Kommunar og sektorstyresmakter har fått tilgang til opplysningar om vassførekomstar i risiko på [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no) samt dokumentet «Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå Vassområde Nordfjord», Vedlegg 1. Vassregionstyresmakten (Fylkeskommunen) kjem til å sende brev til kommunar og sektorstyresmakter der dette er presisert. Prosjektleiar kjem til å sende tabellmal til utfylling, samt framdriftsplan. Tiltaksanalysen skal vere ferdig i 2013, og eventuell politisk behandling må vere ferdig innan den tid.

Overvakingsprogram:

Vassområdeutvalet skal i 2013 ferdigstille innspel til overvakingsprogram. Kommunar og sektorstyresmakter skal innanfor sine ansvarsområde lage oversikt over pågåande overvaking av miljøtilstand, og framlegg til overvaking i vassførekomstar der datagrunnlaget for fastsetting av risiko er mangelfullt. Fylkesmannen kjem til å sende ut brev med presisering av dette.

---

## **SAK 12/12 ETABLERING AV ARBEIDSUTVAL UNDER NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL**

Vassområdeutvalet (VOU) har 30 medlemar frå 14 kommunar, vassregionmynde og sektorstyresmakter. Det er viktig at heile forsamlinga blir høyrte i større saker. For å sikre framdrift i arbeidet etter vassforskrifta er det ofte nødvendig å kunne avvikle møte på kort varsel og med effektiv tidsbruk. Det er uråd å få til med heile vassområdeutvalet. Det er derfor ønskeleg å nedsette eit arbeidsutval. VOU valde eit arbeidsutval 03.03.2011 med 3 medlemar frå kommunane Stryn, Bremanger og Gloppen.

På møte i VOU 28.09.2012 vart samansetjinga av eit arbeidsutval drøfta, og det var semje om at fleire kommunar bør vere representerte. Medlemene frå administrasjonen i kommunane

fekk i oppgåve saman med prosjektleiaren å lage framlegg til vedtak. Desse vart innkalla til møte 17.10.2012, der samansetting og mandat til eit arbeidsutval vart drøfta. På bakgrunn av dette har prosjektleiaren laga føreliggande sak.

Arbeidsutvalet bør få mandat frå Vassområdeutvalet til å fungere for dei i gjennomføringa av forskrifta i det daglege arbeidet. I Sogn og Fjordane Vassregionutval er det oppretta eit tilsvarande arbeidsutval, som tilrådd av Direktoratet for naturforvaltning.

#### **Mandat**

Arbeidsutvalet kan gjennomføre alle forskriftsfesta oppgåver på vegne av vassområdeutvalet, her under å utarbeide og legge fram dokument for vassregionstyresmakta. Utkast til tiltaksanalyse og innspel til overvåkingsprogram skal godkjennast av Vassområdeutvalet.

Mandat og samansetting til arbeidsutvalet skal vurderast årleg av Vassområdeutvalet.

#### **Samansetting**

Då arbeidsoppgåvene til Vassområdet hovudsakeleg fell på kommuneadministrasjonane og prosjektleiaren, vil det vere naturleg at desse er representerte med ein fast medlem frå kvar av Nordfjordkommunane og Jølster. Politisk valde medlemar, sektorstyresmaktene og vassregionstyresmakta vil bli inviterte til å delta etter behov / type saker og kan elles bli kontakta utanom møta.

#### **Oppgåver**

Arbeidsutvalet sine oppgåver vil mellom anna vere:

Utarbeide tiltaksanalyse

Utarbeide innspel til overvåkingsprogram

Vurdere miljømål for vassførekomstane

Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle fase av arbeidet

#### **Prosjektleiar sin tilråding:**

**Vassområdeutvalet vedtek å etablere eit arbeidsutval med mandat i tråd med saksutgreiinga. Arbeidsutvalet kan gjennomføre forskriftsfesta oppgåver på vegne av Vassområdeutvalet.**

#### **Følgjande personar oppnemnst til arbeidsutvalet:**

- 1. Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune**
- 2. Kristian Nave, Selje kommune**
- 3. Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune**
- 4. Stanislawa Voldsund, Eid kommune**
- 5. Ståle Hatlelid, Hornindal kommune**
- 6. Odd Rønningen, Stryn kommune**
- 7. Ola Nygård, Jølster kommune**
- 8. Kristine Dahl, Gloppen kommune**
- 9. Staffan Hjohlman, prosjektleiar**

#### **16.11.2012 VASSOMRÅDEUTVALET**

Statens vegvesen var ikkje representert under møtet, men hadde sendt følgjande innspel til utvalet v/ prosjektleiar:

Vi ser at det er lagt opp til at sektorstyremaktene vil bli inviterte til å delta etter behov/type saker. Statens vegvesen vil gjerne delta når det er aktuelle saker og problemstillingar som

berører oss, vi vil også gjerne delta på eventuelle synfaringar ved tilsvarende problemstillingar.

Etter ein del innspel på møtet kom det fram nytt framlegg til vedtak:

#### **12/12 VEDTAK:**

**Vassområdeutvalet vedtek å etablere eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet kan gjennomføre oppgåver i tråd med vassforskrifta og Planprogrammet for Vassregion Sogn og Fjordane.**

**Arbeidsutvalet sine oppgåver vil mellom anna vere:**

**Iverksette miljøovervaking innanfor vassområdeutvalet sitt budsjett**

**Utarbeide framlegg til tiltaksanalyse**

**Utarbeide framlegg til innspel til overvåkingsprogram**

**Vurdere miljømål for vassførekomstane**

**Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle fase av arbeidet**

**Utført arbeid blir å legge fram for vassområdeutvalet.**

**Følgjande personar oppnemnst til arbeidsutvalet:**

- 1. Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune**
- 2. Kristian Nave, Selje kommune**
- 3. Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune**
- 4. Stanislawa Voldsund, Eid kommune**
- 5. Ståle Hatlelid, Hornindal kommune**
- 6. Odd Rønningen, Stryn kommune**
- 7. Ola Nygård, Jølster kommune**
- 8. Kristine Dahl, Gloppen kommune**
- 9. Staffan Hjohlman, prosjektleiar**

Samrøystes vedteke

---

#### **SAK 13/12 REFERANSEGRUPPE FOR VASSOMRÅDE NORDFJORD.**

For å gi viktige interessegrupper høve til medverknad i arbeidet etter vassforskrifta, og for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag, er det ofte brukt referansegrupper i vassregionar og vassområde.

Oppretting av referansegruppe vart drøfta i Nordfjord vassområdeutval på møte 28.09.2012. Medlemene frå administrasjonen i kommunane fekk i oppgåve saman med prosjektleiaren å førebu sak om dette. Desse vart innkalla til møte 17.10.2012. På bakgrunn av dette har prosjektleiaren laga føreliggande sak.

Framlegg til samansetjing av referansegruppe for Nordfjord vassområde går fram av tabellen nedanfor. Etter eventuell godkjenning frå Vassområdeutvalet sender prosjektleiar ut invitasjon om å delta i referansegruppa.

**Mandat.** Referansegruppa vil bli involvert i arbeidet mellom anna ved:

- Deltaking på møte med Vassområdeutvalet eller undergrupper (arbeidsutval, temagrupper). Arbeidsutvalet får fullmakt til å avgjere kven i referansegruppa som blir innkalla og til kva for møte.
- Høve til å gi innspel på uttaler, dokument m.m. frå Vassområdet i alle fasar av arbeidet.

**Framlegg til vedtak:**

Vassområdeutvalet godkjenner framlegget til referansegruppe og mandat i følge saksutgreiinga. Prosjektleiaren får i oppgåve å sende invitasjon til dei føreslegne medlemmane.

Organisasjon	Kontaktperson	Adr	Postadresse	Epost-adresse
Norges grunneigar- og sjølaksefiskarlag S & F	Erik Lidal		6894 VANGSNE S	<a href="mailto:erik@djuvikcamping.no">erik@djuvikcamping.no</a>
Norske Lakseelver Sogn & Fjordane	Nina Munthe Olsen	Årøy	6856 Sogndal	<a href="mailto:nina@aroygard.no">nina@aroygard.no</a> <a href="mailto:knut@aroygard.no">knut@aroygard.no</a>
Sogn og Fjordane Bondelag	Anita Sæther (også med i ref.grp. Vassregionen)	pb. 153	6801 Førde	<a href="mailto:sofn.fjordane@bondelaget.no">sofn.fjordane@bondelaget.no</a> <a href="mailto:anita.sather@bondelaget.no">anita.sather@bondelaget.no</a>
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag	Harald Jarl Runde	Liabøen	6817 NAUSTDAL	<a href="mailto:harun@online.no">harun@online.no</a>
Sogn og Fjordane Skogeigarlag		pb. 185	6801 Førde	<a href="mailto:alf.royrvik@sfskog.no">alf.royrvik@sfskog.no</a>
Sogn og Fjordane JFF	Reidun Solberg Seim		6823 Sandane	<a href="mailto:sognogfjordane@njff.org">sognogfjordane@njff.org</a>
Sogn og Fjordane Turlag	Astrid Kalstveit	Pb. 10	6801 Førde	<a href="mailto:sogturla@online.no">sogturla@online.no</a> <a href="mailto:alvar-m@online.no">alvar-m@online.no</a>
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Thorleif Jakobsen	Skuleveg 92	6770 Nordfjord-eid	<a href="mailto:thorjak@live.com">thorjak@live.com</a>
Sogn og Fjordane Natur og Ungdom	Karoline Strand			<a href="mailto:sf@nu.no">sf@nu.no</a>
FNF (Forum for natur og friluftsliv) i Sogn og Fjordane	Elisabeth Dahle	Sognefjordvg 40	6863 Leikanger	<a href="mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no">sognogfjordane@fnf-nett.no</a> <a href="mailto:elisabeth@fnf-nett.no">elisabeth@fnf-nett.no</a>
Norsk vannforening, vestlandskomiteen	Anette Æsøy	Postboks 770	5020 Bergen	<a href="mailto:anette.asoy@kruger kaldnes.no">anette.asoy@kruger kaldnes.no</a>
Sogn og Fjordane Fiskarlag		Postboks 173	6701 Måløy	<a href="mailto:sognfjordane@fiskarlaget.no">sognfjordane@fiskarlaget.no</a>
Sogn og Fjordane Energi	Vegard Fagerli			<a href="mailto:vegard.fagerli@sfe.no">vegard.fagerli@sfe.no</a>
Vestnorsk havbrukslag	Sveinung Sandvik leiar AU, Hans Inge Algrøy regionssjef	Sjøtroll AS	5476 Mauranger	<a href="mailto:sveinung.sandvik@sjotroll.no">sveinung.sandvik@sjotroll.no</a> <a href="mailto:hans.inge.algroy@fhl.no">hans.inge.algroy@fhl.no</a>

## **16.11.2012 VASSOMRÅDEUTVALET**

Etter innspel vart det formulert nytt framlegg til vedtak.

### **13/12 VEDTAK:**

**Vassområdeutvalet tek framlegget til referansegruppe til vitande. Prosjektleiaren får i oppgåve å sende invitasjon til dei føreslegne medlemmane.**

**Vassområdeutvalet gir prosjektleiaren fullmakt til å utvide gruppa med lokale og regionale lag og organisasjonar og enkeltpersonar, for å legge til rette for medverknad i tråd med Planprogrammet til Vassregion Sogn og Fjordane.**

Samrøystes vedteke

---

### **SAK 14/12 OPPRETTING AV TEMAGRUPPER.**

Oppretting av temagrupper innanfor visse fagområde var oppe på møtet i vassområdeutvalet 28.09.2012, og deretter drøfta på møte for medlemar frå kommuneadministrasjonane 17.10.

Formålet med temagrupper er å leggje til rette for medverknad for involverte rettshavarar, private og ålmenne brukarinteresser i vassområdet. I tillegg vil medlemar i temagruppene kunne styrke kompetansen i arbeidet med tiltaksanalyser og overvåkingsprogram.

For å dra nytte av den gode kompetansen blant medlemmane i vassområdeutvalet, vart det avgjort å gjennomføre ei enkel kompetansekartlegging. På grunnlag av denne vil framlegg til oppretting av temagrupper bli lagt fram på møtet.

Ein førebels liste over tema vart sendt til medlemar og varamedlemar i vassområdeutvalet 05.11.2012. Representantane frå kommunane vart oppmoda om å melde tilbake kva for gruppe ein ønskte å tilhøyre, gjerne også med ei kort omtale av kva bakgrunn ein har innanfor temaet. Sektorstyresmaktene sine ansvarsområde definerer kva temagruppe dei tilhøyre.

Vedlagte tabell syner resultatet av kartlegginga. Av 22 representantar og vararepresentantar frå kommunane har 10 svart. Dei fleste har valt temaene landbruk, avløp og fysiske inngrep, som også er innanfor kommunane sine vanlege ansvarsområde. To har valt akvakultur, to har valt juss, medan ein har valt temaet Industri/avfallsdeponi/akvakultur (forureining). Forureina sjøbotn og økonomi er ikkje valt av nokon. Dette er eit utgangspunkt til oppretting av temagrupper. Konkret vil dette kunne vente til ein har innleia arbeidet med tiltaksanalyser, og ser kva behov som vil oppstå for slike fora.

**Framlegg til vedtak frå prosjektleiar:**

**Vassområdeutvalet tek orienteringa i saka til vitande, og gir fullmakt til arbeidsutvalet å opprette førmålstenlege temagrupper med medlemar frå vassområdeutvalet, rettshavarar, interessegrupper, og enkeltpersonar.**

## **16.11.2012 VASSOMRÅDEUTVALET**

### **14/12 VEDTAK**

Vedtaksframlegg frå prosjektleiar vart samrøystes vedteke

## **SAK 15/12 EVENTUELL HØYRINGSUTTALE PÅ «VESENTLEGE VASSFORVALTNINGSSPØRSMÅL» FRÅ SOGN OG FJORDANE VASSREGION.**

Fylkeskommunen har bede vassområdeutvala å avgjere om vi vil kome med høyringsuttale på dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» som er laga på vegne av Sogn og Fjordane Vassregionutval.

Om dokumentet

Dokumentet er ein midtvegshøyring i arbeidet med utarbeiding av forvaltningsplan og tilhøyrande tiltaksprogram for vassregionen. Dokumentet peikar på kva som er hovudutfordringar for å nå eit godt vassmiljø i regionen. Høyringsdokumentet vil vere bakgrunn for å lage tiltaksanalyse for kvart av vassområda.

Prosjektleiaren meiner at dokumentet gjev ei god oversikt over miljøtilstand, utfordringar og utviklingstrendar i vassregionen, og har ingen merknader til innhaldet. Medlemene i Nordfjord vassområdeutval bør kjenne til innhaldet i dokumentet:

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=60403&amid=3594335>

Dokumentet er ikkje er bindande for det vidare arbeidet i Nordfjord vassområde, mellom anna tiltaksanalyse og innspel til miljøovervåkingsprogram. Både tilstand og risiko for dei enkelte vassførekomstane vil vere føremål for justeringar i løpet av 2013 ved direkte kontakt mellom vassområdet og Fylkesmannen. Prosjektleiaren finner det ikkje nødvendig å utarbeide ein høyringsuttale frå Nordfjord vassområde.

Høyringsbrevet med dokumenta er sendt frå Fylkeskommunen til alle kommunane i Nordfjord vassområde. Kommunane må på sjølvstendig grunnlag avgjere om dei vil sende høyringsuttale. Søknadsfristen er 31.12.2012.

### **Framlegg til vedtak:**

**Nordfjord Vassområdeutval tek dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» frå Vassregion Sogn og Fjordane til vitande og har ingen merknader til innhaldet. Det vil ikkje bli utarbeidd høyringsuttale frå vassområdeutvalet.**

### **16.11.2012 VASSOMRÅDEUTVALET**

Innspel frå Statens vegvesen i forkant av møtet: Statens vegvesen vil vurdere eiga fråsegn til vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassregion Sogn og Fjordane.

Fiskeridirektoratet har merknader som dei vil spele inn i eigen høyringsfråsegn til Fylkeskommunen.

Nytt framlegg til

### **15/12 VEDTAK**

**Nordfjord Vassområdeutval tek dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» frå Vassregion Sogn og Fjordane til vitande. Det vil ikkje bli utarbeidd høyringsuttale frå vassområdeutvalet.**

Samrøystes vedteke

Møte slutt kl 14.00.

Staffan Hjohlman, ref.  
prosjektleder  
tlf. 904 02 661

**Adresseliste:**

Anders Ryssdal	Gloppen kommune, politisk
Anne Britt Andersen	Eid kommune, politisk
Arne Kvalvik	Marine Harvest
Bjørn H Martinussen	Bremanger kommune, adm
Eli Mundhjeld	Statens vegvesen region vest
Elisabeth W. Julsrud	Kystverket Vest
Espen Gulliksen	Bremanger kommune, politisk
Gunn Helen Henne	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Hanne Marie Utvær	Fiskeridirektoratet region Vest
Hogne Bleie	Vågsøy kommune, politisk
Ingvald Tennebø	Vågsøy kommune, adm
Jakob A Sandal	Jølster kommune, politisk
Jakob Hammer	Stryn kommune, politisk
John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Song og Fjordane
Jon Åge Torheim	Hornindal kommune, politisk
Kenneth Brandal	Selje kommune, politisk
Kristian Nave	Selje kommune, adm
Kristine Dahl	Gloppen kommune, adm
Luster kommune	
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Merete Helgheim	Mattilsynet , Dk Nordfjord
Odd Rønningen	Stryn kommune, adm
Ola Nygård	Jølster kommune, adm
Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune, vara
Siss-May Edvardsen	NVE, Region Vest
Skjåk kommune	
Stanislawa Voldsund	Eid kommune, adm
Stranda kommune	
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune, adm
Vanylven kommune	
Vegard Fagerli	Sogn og Fjordane Energi
Volda kommune	
Ørsta kommune	

**Kopi til:**

Bjørgulf Myklebust	Bremanger kommune, vara politisk
Dag Henning Reksnes	Vara politisk Eid kommune
Marit Sætren	Vågsøy kommune, vara politisk
Ola Inge Seljeset	Hornindal kommune, vara politisk
Siv-Karin Hestad	Jølster kommune, vara politisk